



**KONTROLLUTVALET I
VESTNES KOMMUNE**

**Oppsummering av kontrollutvalet sitt
arbeid i
valperioden 2019 – 2023**

1. Innleiing

Valperioden 2019 – 2023 nærmar seg slutten og eit snart 4-årig virke for kontrollutvalet i Vestnes kommune er i ferd med å fullførast. For å kunne oppsummere eiga verksemd overfor kommunestyret, for å kunne sette eige arbeid og resultat i eit perspektiv, og for å kunne gje det påtroppande kontrollutvalet ei god innføring til sitt arbeid, ønskjer kontrollutvalet å gje ei oppsummering av sitt eige arbeid i valperioden.

2. Om kontrollutvalet, mandat og samansetting

Kontrollutvalet vert valt av kommunestyret og skal på vegne av kommunestyret føre den løpande kontrollen med den kommunale forvaltninga på deira vegne. Alle kommunar og er pliktig til å velje eit kontrollutval. Kontrollutvalet skal ha sekretærbistand i sitt arbeid og kommunestyret skal i medhald av kommunelova sørge for dette.

2.1 Kontrollutvalet si samansetting i perioden

Kontrollutvalet i Vestnes kommune har i perioden 2019 – 2023 hatt følgjande samansetting:

Nr	Navn	Funksjon	Parti
	Kristian Blindheim *	Leiar	AP
	Paul Hjelvik *	Nestleiar	Pp
	Torfinn Marken*	Medlem	Sp
	Marianne Frøland	Medlem	H
	Margrethe Anundsen	Medlem	Uavh.

Nr	Varamedlemmer	Funksjon	Parti
	Sp/KRF/Frp/H		
1	Svein Wiik	Vara	Frp
2	Arnhild Vestnes	Vara	H
	V/Pp/Ap/Sv		
1	Geir Stokkeland	Vara	SV
2	Vidar Venås	Vara	Ap
3	Gayle Vestnes	Vara	Pp

*= medlem av kommunestyret

Inge Bergum(leiar), fekk i kommunestyret 15.09.22 sak 65/22, fritak frå vervet i kontrollutvalet. Som nytt medlem og leiar i kontrollutvalet vart Kristian Blindheim valgt.

2.2 Rammer for utvalet sitt arbeid

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ, der deira mandat har grunnlag i kommunelova si føresegn om eigenkontroll i del 7 og om Kontrollutvalet si verksemd i kapittel 23. Kontrollutvalet sine oppgåver er i utgangspunktet gitt i kommunelova kapittel 23, og i forskrift om kontrollutval og revisjon av 17.06.2019, men kommunestyret kan konkret be utvalet utføre særskilte kontrolloppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet skal ifølge kommunelova påsjå at:

- Kommunens rekneskap blir revidert på ein betryggande måte. Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapen og årsberetninga og sjå til at revisor sine merknader til årsrekneskapen blir følgt opp.

- Det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga foregår i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak.
- Det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i.
- Det vert utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon, basert på ei overordna analyse, følgje og rapportere resultatane frå forvaltningsrevisjonsprosjekt til kommunestyret, og påsjå at vedtak som kommunestyret treff ved handsaminga av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.
- Det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunens eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll). Kontrollutvalet skal utarbeide plan for eigarskapskontroll, basert på ei overordna analyse, følgje og rapportere resultatane frå eigarskapskontrollane til kommunestyret, og påsjå at vedtak som kommunestyret treff ved handsaminga av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.

Gransking eller undersøkingar

På eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret, ta tak i forhold som kan oppfattast som uønskt eller i strid med mål om ei effektiv og forsvarleg forvaltning av kommunen sine ressursar.

Val av revisjonsordning

Kontrollutvalet gjev innstilling om val av revisjonsordning til kommunestyret og innstiller på val av revisor.

Budsjett

Utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Innan desse rammene skal kontrollutvalet utøve kontrollrolla på vegne av kommunestyret, for å bidra til god tenestekvalitet, effektiv ressursutnytting og å sikre at politiske vedtak blir følgt opp.

Reglement for kontrollutvalet

Det er vedtatt eit eige reglement for kontrollutvalet. Retningslinene vart vedtekne i sak 65/2011 av kommunestyret i møte den 29.9.2011. Revidering av eksisterande reglement vart behandla av kontrollutvalet i møte 24.6.2015 og vart vedteke av kommunestyret i sak 66/2015. Nytt reglement for kontrollutvalet i Vestnes vart vedteke av kommunestyret i møte 3.10.2019, sak 96/2019. Reglementet gir retningsliner for samansetjing av utvalet, sakshandsaming, ressursar og oppgåver.

2.3 Kontrollutvalet sine ressursar

Sekretariat

Kommunelova § 23-7. Sekretariatet.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalets behov. Sekretariatet skal påsjå at dei sakene som skal handsamast av kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidd, og at utvalets vedtak blir iverksett. Sekretariatet skal vere uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller dei som utfører revisjon for kommunen. Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalet, er direkte underordna kontrollutvalet og skal følge dei retningslinjer og pålegg som utvalet gir. Kommunestyret velger sjølv sekretariat for kontrollutvalet etter innstilling frå kontrollutvalet.

Reglement for kontrollutvalet fastslår at utvalet skal ha sekretariatsbistand tilpassa deira behov. Kontrollutvalet har sekretariatsbistand frå Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Sekretariatet vart etablert i 2005 etter vertskommunemodellen med Molde kommune som

vertskommune. I 2013 vedtok medlemskommunane å endre organisasjonsforma for sekretariatet til eit Interkommunalt Samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 som eit eige rettssubjekt. Selskapet vart oppretta med verknad frå august 2013. I ny kommunelov frå 2020 utgår ordninga med IS etter kommunelova. Som erstatning er det kome inn ei ny organisasjonsform som heiter Kommunalt oppgåvefellesskap i kommunelova kapittel 19. Ein har frist ut valperioden med å vedta ny organisasjonsform etter overgangsreglane i kommunelova § 31-2.

Styret i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal fatta i møte 16.11.22 sak 20/22, vedtak om at Styret fullfører prosess med omdanning til kommunalt oppgåvefellesskap. Styret slutthandsama saka om omdanning og selskapsavtale i møte 19.04.23 sak 13/23, og fatta vedtak om at Styret rår til at Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal blir omdanna til kommunalt oppgåvefellesskap, jf. kommunelova kapittel 19. Styret i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal rår til at samarbeidsavtale for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal kommunalt oppgåvefellesskap, blir vedteke slik den forelegg som vedlegg til saka.

Styret si tilråding gjekk til Kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak og må handsamast før utgangen av inneverande valperiode. Samtlege kommunestyre har no vedteke omdanninga og nye vedtekter.

I 2014 vart bemanninga i kontrollutvalssekretariatet auka frå 1 til 2 årsverk. Det hadde då lenge vore uttrykt behov for ein bemanningsauke i sekretariatet på grunn av aukande arbeidsmengde. Sekretariatet skriv saksframstillingar, støttar kontrollutvalet med praktisk tilrettelegging og oppfølging av møter, samt vedtaksoppfølging. Sekretariatet er bindeledd mellom utval, revisjonselskap og administrasjon, og utfører oppgåver på vegne av kontrollutvalet. Sjølv om antalet kontrollutval sekretariatet betjener vart redusert frå 9 til 7 etter kommunesamanslåingar i 2020, anser ein fortsatt at det er behov for 2 årsverk i sekretariatet. Rolla og arbeidsoppgåvene til kontrollutvala vart styrka og auka etter at ny kommunelov kom i 2020.

Styret har i valperioden gitt signal til omkringliggende sekretariat i fylket om at ein er open for å diskutere samanslåing av sekretariata og sekretariatsfunksjonen. Ein har ikkje motteke attendemelding på at nokon stiller seg negativ til dette, men ein har heller ikkje kome så langt at ein har fått signal eller vedtak om å gå i dialog.

Revisjon

Kommunelova § 24-1. Val av revisor

Kommunestyret avgjer sjølv om kommunen skal tilsette eigne revisorar, delta i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med ein annan revisor. Kommunestyret velger sjølv revisor. Vedtak etter første og andre ledd vert treft etter innstilling frå kontrollutvalet.

Revisjonsordninga skal være tilpassa kommunestyret sitt kontrollbehov, behov for oppfølging av særskilte vedtak, kompetansenivået i kommunen og kommunen si eiga organisering og internkontroll.

Våren 2015 fatta Vestnes kommunestyre vedtak om å velje Møre og Romsdal Revisjon IKS som revisor for kommunen. Selskapet vart stifta etter vedtak i Møre og Romsdal fylkeskommune og 17 kommunar på Nordmøre og Romsdal. Av ulike årsaker vart etableringa forseinka og det nye selskapet var først i drift frå februar 2017. Selskapet har sidan då levert revisjonstenester til kommunen.

Kontrollutvalet i Vestnes handsama i møte 07.05.2019 sak 16/19, val av revisjonsordning og val av revisor. Innstillinga frå kontrollutvalet til kommunestyret var at:

Vestnes kommunestyre godkjenner at Vestnes kommune held fram med revisjon i eigenregi. Vestnes kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Vestnes kommune, under føresetnad av at selskapet blir stifta. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kommunestyret i Vestnes fatta i møte 23.5.2019, sak 40/19, vedtak i tråd med Kontrollutvalet si innstilling.

Økonomi

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2, utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret. Kontrollutvalet har kvar haust lagt fram eit forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. I dette budsjettet har inngått kostnader knytt til utvalet sjølv, sekretariatstenester og revisjonstenester.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett er sendt til kommunestyret for vidare handsaming og vedtak.

Budsjettet har fordelt seg slik:

- 2019 - kr 1 022 000
- 2020 - kr 1 032 643
- 2021 - kr 1 130 000
- 2022 - kr 1 009 000
- 2023 - kr 1 446 000

3. Arbeid i utvalet

3.1 Møter

Det har gjennom perioden vore halde 6 møter pr. år. Møtefrekvensen er tilpassa utvalet sin aktivitet og i forhold til omfanget av saker som har vore handsama. Det var i forrige periode 5 møter pr. år, og frå utvalet sine medlemmer vart det gjeve uttrykk for at det til nokre møter er mange saker/saksdokument. Det kunne vurderast om ein burde utvide talet på møter til 6 pr. år. Når møte- og arbeidsplana for 2020 vart handsama i møte 19.02.20 i sak 7/20, vart det vedteke å auke talet på møter frå 5 til 6 pr. år. Kontrollutvalet sine møter er i hovudsak lagt til kommunehuset og vert halde for opne dører. På grunn av pandemien vart 2 av møta i 2020 avvikla digitalt.

Verksemdsbesøk/orienteringar

Utvalet har vore opptekne av å vere ein synleg del av organisasjonen og å halde seg oppdatert på kva som rører seg innan dei ulike verksemdsområda. Ved mange av kontrollutvalet sine møter har det vore gjeve orienteringar frå administrasjonen på forskjellige verksemdsområder i kommunen. Kontrollutvalet har også i perioden besøkt fleire av kommunen sine verksemder. Føremålet med verksemdsbesøk er å bli kjent med den kommunale forvaltninga, og at dei tilsette skal bli kjent med kontrollutvalet. Informasjon frå dei som jobbar i kommunen og som kjenner forholda best, er vurdert som spesielt viktig for kontrollutvalet. På den måten har utvalet fått førstehands kunnskap og føresetnader for å gjere jobben dei er sett til.

Koronapandemien vanskeleggjode gjennomføring av verksemdsbesøk for kontrollutvalet. Utvalet hadde i 2020 ikkje orienteringar knytt til særskilte einingar i kommunen. Utvalet hadde likevel prioritert fleire orienteringar frå administrasjonen knytt til risikoområder i kommunen til dømes; Innkjøp og offentlege anskaffingar, nytt personvernregelverk og vassforsyning i Vestnes kommune. Utanom orientering knytt til Vestnes ressurscenter og Stella Maris, hadde ikkje utvalet orienteringar

knytt til særskilte einingar i kommunen i 2021. Utvalet prioriterte fleire orienteringar frå administrasjonen knytt til risikoområder i kommunen til dømes; Vedlikehald, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.

I samband med gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt i barnevernstenesta og seinare sak på oppfølgingslista, vedtok kontrollutvalet i møte 17.10.2022 at ein ville ha ei orientering frå leiar for barnevernet i samband med kontrollutvalet sitt møte 05.12.2022. Tema var tilstandsrapporten for 2021 og status no. Leiar for barnevernet deltok digitalt, og orienterte utvalet i møtet 05.12.22. I møtet 05.12.2022 deltok kommunalsjef oppvekst og orienterte om tilstandsrapport for grunnskulen i Vestnes 2021. Dette var eit ønske frå kontrollutvalet i eit tidlegare møte.

Utvalet har i valperioden hatt følgjande verksemdsbesøk:

- 21.03.2022: Tremek AS
- 30.01.2023: Helsehuset Stella Maris
- 02.05.2023: Heimetenestene

3.2 Saker

Ein stor del av kontrollutvalet si sakshandsaming omfattar forhold dei er pålagt å arbeide med gjennom krava i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kva fokus som vert valt knytt til dei ulike arbeidsoppgåvene, er i stor grad opp til utvalet sjølv å definere.

Gjennom forvaltningsrevisjon er det innkjøpsområdet og barneverntenesta som har fått størst merksemd. Sjå eige avsnitt om gjennomførte forvaltningsrevisjonar i perioden. Kontrollutvalet har i tillegg hatt fokus på Statsforvaltaren og andre tilsynsorgan sine tilsynsrapportar og kommunen si oppfølging av desse.

Kontrollutvalet si sakshandsaming er samanfatta i ein tiltaksplan som bygger på Plan for kontrollutvalet si verksemd. Ein kan sjå eit visst mønster frå år til år knytt til kva slag saker som kjem opp til dei ulike tidene på året.

I tillegg til dei lovpålagte saksområda og saker som kontrollutvalet tek opp, hender det at utvalet får førespurnader frå innbyggerane, som rører ved områder som kan vere innanfor kontrollutvalet sitt ansvarsområde. Slike førespurnader vert handsama uavhengig om det er eit forhold som blir undersøkt vidare eller at kontrollutvalet finn at dette ikkje er ei sak som høyrer til deira funksjon å sjå på.

Kontrollutvalet har gjennom valperioden gått gjennom store deler av kommunen si verksemd og handsama 40 saker i 2019, 41 saker i 2020, 36 saker i 2021, 35 saker i 2022 og 30 saker pr. utgangen av august 2023 (siste møte for det sitjande kontrollutvalet er 1.september). Dette er ein del fleire saker enn i førre valperiode.

3.3 Deltaking i relevante fora

For å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for utvalet si oppgåveløysing, deltek medlemmene på konferansar og samlingar, når det vert vurdert som relevant og mogleg.

Av "faste" arrangement utvalet har vært representert på i perioden er:

- Nasjonal konferanse for kontrollutval i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF).
- Nasjonal konferanse i regi av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

I forrige periode vart det arrangert årlege fellessamlingar for kontrollutvalsmedlemmene i dei 9 medlemskommunane som var knytt til Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Føremålet med samlingane var ulike tema som er aktuelle for kontrollutvalsmedlemmer, til dømes; Arbeid i kontrollutvalet, kommuneøkonomi og habilitet. Som følge av pandemi og fråver av fysiske samlingar, har det ikkje blitt arrangert slike samlingar denne perioden, men det er ei forutsetning at ein kjem i gang att med dette i komande periode.

Kontrollutvalet i Vestnes er medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) og deltek i den grad dei er representert på konferansen, på årsmøta til FKT som vert arrangert i samband med Nasjonal konferanse i regi av FKT.

4. Rekneskapsrevisjon

Etter kommunelova § 23-2, skal kontrollutvalet påsjå at:

a) kommunens rekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, skal kontrollutvalet halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at:

a) kommunens årsrekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

b) rekneskapsrevisjonen vert utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalets instruksar og avtalar med revisor.

c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Etter kommunelova § 24-2 om *Revisors ansvar og myndigheit* skal revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov eller i medhald av lov. Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk. Revisor skal rapportere om sitt arbeid og resultat av sin revisjon til kontrollutvalet. Etter § § 24-8, skal rekneskapsrevisor avgi ei revisjonsberetning til kommunestyret seinast 15. april. Det skal sendast kopi til kontrollutvalet, formannskapet og kommunedirektøren.

Kontrollutvalet handsamar saker om rekneskapsrevisjon på fleire måtar gjennom året. Det er etablert avtale og rutiner for fleire orienteringar frå oppdragsansvarleg revisor til kontrollutvalet i løpet av året. Først på hausten blir plan for komande revisjonsår presentert. Vidare blir det rapportert om status for revisjonsåret i det siste møtet i året eller på første møtet på nyåret (interimsrapport).

Den endelege rapporten frå revisjonsåret vert gjeve i samband med avlegging av revisjonsberetning og årsoppgjersrevisjonsrapport, og knyter seg særskilt til arbeidet med revisjon av årsrekneskapen. Kontrollutvalet gjev si fråsegn til Vestnes kommune sitt årsrekneskap. Etter Vestnes kommune sitt økonomireglement så skal kontrollutvalet også gje uttale til store investeringsprosjekt før dei vert lagt fram for handsaming i formannskapet og kommunestyret. Kontrollutvalet har fått seg førelagt sluttrapportar for investeringsprosjekt denne valperioden, og eitt prosjekt i siste møte i forrige valperiode. Det gjeld følgjande prosjekt:

- Sak 26/19 – Prosjektrekneskap «Sjøfronten»
- Sak 21/20 – Prosjektrekneskap Tomrefjord idrettsbygg
- Sak 26/22 – Prosjektrekneskap Helsehuset «Stella Maris»

Kontrollutvalet følgjer også med på den økonomiske utviklinga i Vestnes kommune gjennom året, ved gjennomgang av økonomirapportane som vert lagt fram for formannskapet og kommunestyret.

Kontrollutvalets fråsegn til årsberetninga og årsrekneskapet

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak.

Kontrollutvalet har gitt si fråsegn til kommunen sine årsberetningar og årsrekneskap i valperioden. Fråsegna er meint å vere med som grunnlag for kommunestyret sine avgjersler når kommunestyret har vurdert om kommunen sitt rekneskap skal godkjennast eller ikkje. Kontrollutvalet sine fråsegner i perioden kan oppsummerast slik:

2019: Kontrollutvalet har i møte 4.5.2020 sak 13/20, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2019. Vestnes kommune sin rekneskap for 2019 viser kr 500 991 626 til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1 660 082.

Kommunen har eit negativt netto driftsresultat på kr 5 674 712. Det er avsett kr 0, til disposisjonsfond, mot budsjettet kr 1 616 000. Kontrollutvalet har merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på -0,8 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %.

Disposisjonsfondet er på berre 1,4 % av brutto driftsinntekter. Fylkesmannen sitt måltal er på minimum 4 %. Kommunen står føre fleire store investeringar. For å kunne takle ei auke i lånerenta er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond.

2020: Kontrollutvalet har i møte 3.5.2021 sak 12/21, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2020.

Vestnes kommune sin årsrekneskap viser eit negativt netto driftsresultat på kr 14 694 086 og eit meirforbruk framført til inndecking i seinare år på kr 8 790 699. Teknisk beregningsutvalg (TBU) rår til at netto driftsresultat bør ligge på 1,75 % av driftsinntektene over tid. Netto driftsresultat har i perioden 2015-2020 vore lågare enn tilrådd nivå. Netto driftsresultat er ikkje i samsvar med prinsippet i kommunelova § 14-1, 1.ledd, om at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid.

Disposisjonsfondet er eit uttrykk for oppsparte midlar frå tidlegare års drift i form av avsetjingar og mindreforbruk. Fondet skal vere en buffer mot uventa hendingar og skal jamne ut drifta over tid. Sentrale styresmakter rår til at ifondet bør ligge på 5-10 % av driftsinntektene over tid. Kommunen bruker i årsrekneskapen 2020 opp sitt disposisjonsfond, slik at det no er kr 0.

KS definerer ein gjeldsgrad på over 75 % av driftsinntektene som høg. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal rår til at kommunane ikkje har ei netto lånegjeld som overstig landsgjennomsnittet. I 2020 var landsgjennomsnittet på 94,5 %. Kommunen har ein gjeldsgrad på 101,3 %, som er noko over tilrådd nivå, og aukande. Høg gjeldsgrad gjer ein sårbar for renteaukingar og lågare inntektsvekst.

Samla konklusjon er at kommunen har negativt netto driftsresultat, har brukt opp disposisjonsfond og har høgt og aukande gjeldsnivå.

2021: Kontrollutvalet har i møte 2.5.2022 sak 14/22, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2021. Kommunen sin driftsrekneskap er avslutta med eit negativt netto driftsresultat på kr 14 150 222 og eit meirforbruk framført til inndecking i seinare år på kr 9 675 153. Netto driftsresultat har i heile perioden 2015-2021, vore lågare enn tilrådd nivå. Dei siste 3 åra har resultatet også vore dårlegare enn kommunens eige vedtatte måltal og har utvikla seg stadig dårlegare.

Disposisjonsfondet er eit uttrykk for oppsparte midlar frå tidlegare års drift i form av avsetjingar og mindreforbruk. Fondet skal vere en buffer mot uventa hendingar og skal jamne ut drifta over tid. Sentrale styresmakter rår til at fondet bør ligge på 5-10 % av driftsinntektene over tid. Kommunen si økonomiske berekraft, uttrykt i disposisjonsfondet, er negativt målt i forhold til tilrådde tal. Målet for økonomiplanperioden 2021-2024 er vage, og ikkje talfesta. Måлтаlet for perioden 2022-2025 seier at fondet minimum skal utgjere 0,2 % av driftsinntektene. Kommunen brukte i årsrekneskapen 2020 opp sitt disposisjonsfond. Kommunen fekk eit meirforbruk på 9,7 mill. kr i 2021. Kommunen har no eit akkumulert meirforbruk i balansen på 20,1 mill. kr som først må dekkast opp før ein kan avsette til disposisjonsfondet att.

KS definerer ein gjeldsgrad på over 75 % av driftsinntektene som høg. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal rår til at kommunane ikkje har ei netto lånegjeld som overstig landsgjennomsnittet. I 2021 var landsgjennomsnittet utanom Oslo på 92,7 %. Kommunen har ein gjeldsgrad på 87,9 %, som er noko over tilrådd nivå frå KS, men under nivået som Statsforvaltaren har rådd til. Gjeldsgraden er noko høgare enn kommunens eige måltal for perioden 2022-2025.

Kommunen er med negativt netto driftsresultat, tomt disposisjonsfond og akkumulert meirforbruk på vel 20 mill. kr, eksponert og sårbar for rente- og avdragsauke. Samla konklusjon om kommunal økonomisk berekraft er at kommunen har hatt høgt negativt netto driftsresultat dei siste åra, har brukt opp disposisjonsfondet og har stort akkumulert meirforbruk. Vurdert opp mot tilrådd nivå frå sentrale styresmakter, knytt til netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad, er ikkje Vestnes kommune sin økonomi berekraftig.

2022: Kontrollutvalet har i møte 2.5.2023 sak 17/23, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2022. Netto driftsresultat utgjør kr 21 657 147. Disposisjonsfondet utgjør kr 3 915 239. Netto lånegjeld utgjør kr 666 134 657.

Netto driftsresultat er hovedindikatoren for økonomisk balanse og berekraft i kommunesektoren. Sentrale myndigheiter rår til at indikatoren bør ligge på 1,75 % av brutto driftsinntekter over tid. Kommunen oppnådde eit netto driftsresultat på 2,6 %. Men kommunen har i perioden 2015-2021 hatt årlege netto driftsresultat langt under tilrådd nivå. Året 2022 hadde ekstraordinært store inntekter.

Netto lånegjeld består av kommunen si langsiktige lånegjeld fråtrekt lån til vidare utlån(startlån) og ubrukte lånemidlar. Statsforvaltaren tilrår at gjeldsgraden ikkje bør overstige landsgjennomsnittet. I 2022 var landsgjennomsnittet på 86,5 % av driftsinntektene. Måлтаlet kommunen sjølv har sett for netto lånegjeld er vedteke i kommunestyret 16.12.2021, sak 130/21 økonomiplanperioden 2022-2025 og til lågare enn 85 % av brutto driftsinntekter. Resultatet for 2022 vart 80 %, og er lågare enn kommunen sitt måltal og heng delvis saman med at kommunen er på ROBEK.

Disposisjonsfondet er eit uttrykk for oppsparte midlar frå tidlegare års drift i form av avsetningar og mindreforbruk. Fondet skal vere ein buffer mot uforutsette hendingar og skal jamne ut drifta over tid. Sentrale myndigheiter rår til at fondet bør ligge på 5-10 % av driftsinntektene over tid. Landsgjennomsnittet i 2022 var på 14,5 %. Måлтаlet kommunen sjølv har sett for disposisjonsfondet er vedteke i kommunestyret 16.12.2021, sak 130/21 økonomiplanperioden 2022-2025 til å vere minimum 0,2 % av brutto driftsinntekter. Kommunen har dei siste åra ikkje hatt eit disposisjonsfond, men derimot eit udekka underskot. Økonomiplanen 2023-2026 legg til grunn at ein kan nærme seg eit disposisjonsfond på 5 % ved utgangen av perioden. Kommunens økonomiske berekraft er ikkje tilfredsstillande på lang sikt.

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Etter kommunelova § 24-9, skal rekneskapsrevisor sjå etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggjast fram for kontrollutvalet. Revisor skal seinast 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen.

Dette var ei ny oppgåve for revisor og kontrollutval som kom inn i ny kommunelov med verknad frå 2020. Kontrollutvalet har kvart år i valperioden fått framlagt revisor si risikovurdering, val av tema og rapport frå etterlevingskontrollen og i tråd med kommunelova. Ein syner til kontrollutvalet sine årsrapportar for ei konkretisering av valgt tema, funn og kva som er gjort med funna. Desse tema og områda har blitt valgt i denne valperioden:

Rekneskapsåret 2019: **Berekening av tilskot til private barnehagar.** KU-møte 19.10.2020.

Rekneskapsåret 2020: **Vederlag for opphald ved institusjon – langtidsopphald.** KU-møte 03.05.21.

Rekneskapsåret 2021: **Sjølvkostområdet.** KU-møte 29.08.22.

Rekneskapsåret 2022: **Sjølvkost for gebyr; Plan-og byggesakshandsaming, oppmåling og matrikkelføring og eigarseksjonering.** KU-møte 01.09.23.

5. Forvaltningsrevisjon

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav c), skal kontrollutvalet påsjå at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Etter § 23-3, er forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan som syner på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana. Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatata av dei. Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Kontrollutvalet skal utgreie behovet for, planleggje og bestille forvaltningsrevisjonar i kommunen og resultatata frå arbeidet skal rapporterast til kommunestyret. Det er utarbeidd Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2023, som vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.8.2020 sak 27/20, og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 17.09.2020, sak 76/20.

Arbeidet med forvaltningsrevisjon har vore høgt prioritert i heile utvalsperioden. Kontrollutvalet har gjort mange vurderingar og hatt drøftingar for å finne gode arbeidsmetodar både i prioritering av prosjekt, samarbeid med revisjonsselskapet og i samband med handsaming av avlagte rapportar.

Frekvensen for utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjon skal i medhald av kommunelova vere minimum ein gong i kvar valperiode. Vestnes kommune har hatt rutinar for utarbeiding av slike planer. Det har blir tatt ein gjennomgang av plana som er vedteken når det blir gjort nye bestillingar.

Kontrollutvalet har hatt dialog med den politiske og administrative leiinga undervegs i prosessen med utforminga av plan for forvaltningsrevisjon, og tatt med seg konstruktive innspel til planlegginga av forvaltningsrevisjonsarbeidet. Ved bestilling av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt har utvalet lagt mykje arbeid i å få innretta bestillinga slik at dei skal ha fokus på dei forholda utvalet meiner er viktig. Samarbeidet og dialogen med revisor har vore viktig.

Forvaltningsrevisjonsrapportar vert systematisk lagt fram for kontrollutvalet etter kvart som dei er

ferdig. Rapportane er sendt vidare til kommunestyret. Etter kommunestyret si handsaming og vedtak, er rapportane følgt opp med tanke på å sjå til at vedtaka blir realisert og arbeid vidare med i administrasjonen.

5.1 Gjennomført forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet har i valperioden handsama følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt og hatt oppfølging av eit tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt:

Barnevernstenesta i Molde, Aukra og Vestnes

Kontrollutvalet i Molde kommune har i perioden bestilt forvaltningsrevisjon av **Barnevernstenesta i Molde, Aukra og Vestnes**. Barnevern er prioritert på Vestnes kommune si Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Molde kommune er vertskommune for tenesta. Det er kontrollutvalet i vertskommunen som har ansvar for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar.

Rapporten frå forvaltningsrevisjonen vart lagt fram for kontrollutvalet i Vestnes i møte 30.08.2021, sak 19/21. Kontrollutvalet i Vestnes er gjort kjent med at kommunestyret i Molde, etter innstilling frå kontrollutvalet i Molde, fatta vedtak om at kommunedirektøren skulle:

- a. *Vurdere og gjennomføre tiltak for å redusere mulighet for brudd på taushetsplikt i barneverntjenesten.*
- b. *Vurdere og gjennomføre tiltak for å løse sikkerhetsutfordringer i barneverntjenesten.*
- c. *Videreføre påbegynt arbeid med å sikre at lovpålagte tilsynsbesøk og besøk i fosterhjem gjennomføres og registreres i nødvendig omfang.*
- d. *Sikre at ukklarheter knyttet til dialog, kommunikasjon, informasjonsflyt, rolle- og ansvarsavklaring i forhold til samarbeidsinstanser, følges opp.*

Administrasjonssjefen i Vestnes la fram rapporten til kommunestyret som referatsak. Kontrollutvalet i Vestnes haldt seg orientert om kommunedirektøren i Molde si oppfølging av tilrådingane, gjennom kontrollutvalet i Molde si oppfølging. I kontrollutvalet sitt møte 21.03.2022 vart det orientert om kontrollutvalet i Molde si oppfølging. Kontrollutvalet i Molde hadde møte 21.02.2022 der dei fekk framlagt statusrapport frå barneverntenesta. Utvalet vurderte at anbefalingane blir godt oppfulgt, og vedtok å avslutte oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Kontrollutvalet i Vestnes vedtok i møtet 21.03.2022 å følge barnevernstenesta vidare ved å føre den opp på oppfølgingslista. Kontrollutvalet i Vestnes vil følge med på tenesta gjennom årlege tilstandsrapportar og eventuelle orienteringar, samt ved å følge med på Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUF-dir) sin kommunemonitor for barnevern. Kontrollutvalet vedtok i møtet 17.10.2022 at ein til møtet 05.12.2022 får ei orientering og statusmelding frå barnevernstenesta på bakgrunn av Tilstandsrapport for barnevernet 2021 som vart handsama i kommunestyret 15.09.2022. Barnevernstenesta fekk oversendt spørsmålsstillingar på førehand. Leiar for barneverntenesta viste ein presentasjon, orienterte og svarte på spørsmål digitalt på Teams i møtet 05.12.2022. Kontrollutvalet vedtok å avslutte vidare oppfølging av barnevernstenesta då ein registrerer at tenesta driv godt.

Offentlege anskaffingar i Vestnes kommune

I møte 03.05.2021 sak 14/21, bestilte kontrollutvalet i Vestnes forvaltningsrevisjonsprosjektet **Offentlege anskaffingar i Vestnes kommune**. Rapporten frå prosjektet vart lagt fram i møte 29.11.2021 sak 30/21. Rapporten var sendt vidare til kommunestyret med tilråding frå kontrollutvalet til vedtak. Kommunestyret i Vestnes gjorde i møte 16.12.2021 sak 124/21 følgjande vedtak, i samsvar med tilråding frå kontrollutvalet:

1. Kommunen skal sikre at det blir utarbeidd fullstendige anskaffingsprotokollar.

2. Kommunen skal sikre at tilsette som gjer innkjøp har naudsynt kunnskap i anskaffingsregelverket.
3. Kommunen skal sikre at det blir krevd skatteattest fra vald norsk leverandør ved anskaffingar som overstig kr 500 000.
4. Kommunen skal ta ein gjennomgang på om ein kan auke si kompetanse i å ta miljøomsyn ved anskaffingar.
5. Kommunen skal sikre at alle bestillarar og innkjøparar er godt kjent med kommunen sitt innkjøpsreglement.
6. Kommunen skal sikre at alle som gjer innkjøp på vegne av kommunen er godt kjent med habilitetskravet.
7. Kommunen skal sikre at alle som gjer innkjøp på vegne av kommunen er kjent med at innkjøp skal vere basert på konkurranse.
8. Kommunen skal sikre at det er tilstrekkelig og god nok kompetanse på innkjøpsområdet.
9. Kommunestyret ber administrasjonssjefen sørge for at tilrådingane i pkt 1-8 vert følgt opp og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
10. Kommunestyret ber administrasjonssjefen gje kontrollutvalet ein skriftlig plan for oppfølging av tilrådingane til kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

Administrasjonssjefen sendte kontrollutvalet den 21.01.2022 handlingsplan for oppfølging av anbefalingane. Kontrollutvalet handsama plana, og administrasjonssjef og einingsleiar egedomsdrift var tilstades i møtet 07.02.2022 i sak 5/22 og orienterte og svarte på spørsmål. Kontrollutvalet ønskte ei statusoppdatering frå administrasjonssjefen på oppfølging av plana til sitt møte 02.05.2022. I møtet 02.05.2022 gjorde Kommunedirektøren greie for kva som har skjedd sidan møtet i februar når sist orientering vart gjeve. Dei fleste anbefalingar var etterkomne. Det som sto att var å gjennomføre ei opplæring for nyttilsette. Dette ville kome på plass i løpet av hausten 2022 når ein har ein heilskapleg og standardisert opplæringspakke på plass. På bakgrunn av orienteringa frå kommunedirektøren avslutta kontrollutvalet oppfølging av saka.

Hjemmetjenesten Vestnes kommune

Kontrollutvalet også hatt til oppfølging eit tidlegare gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt. Kontrollutvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «**Hjemmetjenesten Vestnes kommune**» i møte 26.06.2019 sak 21/19. Forvaltningsrevisjonsrapporten vart sendt over til endeleg vedtak i kommunestyret. Kommunestyret behandla ikkje saka før i møte 30.01.2020 sak 8/20. Kontrollutvalet fekk presentert administrasjonssjefen si plan for oppfølging av tilrådingane i møte 19.02.2020. Kommunedirektøren orienterte utvalet om status for oppfølging av tilrådingane, i møte 01.02.2021 OS 01/21. Utvalet vurderte at ein ikkje er i mål med oppfølginga enno, og ønskjer følge opp vidare. Det vert bede om ein ny statusrapport til første møte 2022.

Kontrollutvalet fekk til møtet 07.02.2022 framlagt ein statusrapport frå einingsleiar for Helsehuset Stella Maris. Einingsleiar var tilstades i møtet og orienterte og svarte på spørsmål. Kontrollutvalet sit att med inntrykk av at mange av anbefalingane er i hamn trass i vanskar under pandemien, men at ein ikkje har fått på plass eit digitalt verktøy som dei tilsette kan nytte når dei er ute hos brukarane. Dette med bakgrunn i både forhold hos leverandør av det fysiske verktøyet, og leverandør av fagsystem. Samstundes har prioriteringane vore sterke i høve andre saker.

Kontrollutvalet ønskte ei statusoppdatering frå einingsleiar på digitalisering jf. ovannemte punkt, til sitt møte 29.08.2022. Kommunedirektør og einingsleiarane orienterte i møtet 29.08.2022 og i henhold til skriv av 17.08.2022 som låg ved saka. Kontrollutvalet vedtok å behalde saka på oppfølgingslista. I møtet 17.10.2022 under sak 29/22 om verksemdsbesøk, kom det forslag om at ein i løpet 2023 burde vurdere eit verksemdsbesøk hos heimetenesta. Kontrollutvalet var 02.05.2023 på verksemdsbesøk hos heimetenestene.

5.2 Granskingar eller undersøkingar

Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter oppmodning frå kommunestyret gjennomføre granskingar eller undersøkingar. Då det ikkje vart bestilt eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt det siste året i valperioden fordi ein ikkje hadde fleire prosjekt i plana, bestilte utvalet to undersøkingar i møtet 14.03.2023 med levering og handsaming til møtet 28.08.2023. Det gjeld bestilling av «Undersøking av avvik og avvikshandtering» og «Undersøking av eigarskapsforvaltning».

Bakgrunnen for desse bestillingane var følgjande:

Når det gjaldt bestilling av undersøking på avvik og avvikshandtering, var bakgrunnen at Statsforvaltaren hadde eit uanmeldt tilsyn ved Stella Maris 27.10.2022. I rapporten kom det fram at det ikkje er prosedyre for korleis avvik skal handterast. Det gjer at det er opp til den enkelte avdelingsleiar korleis avvik i pasientjournal vert følgt opp. I august/september 2022 kom det fram at det låg avvik frå 2020 som ikkje var følgt opp. I tilsynet kom det fram at Helsehuset Stella Maris ikkje har system for at einingsleiar etterspør avvik. Det er opp til avdelingsleiarane å melde til einingsleiar.

Kontrollutvalet i Vestnes bestilte på denne bakgrunn i møtet 14.03.23 ei undersøking på temaet avvik og avvikshandtering med dei problemstillingar frå nr. 1-7 som går fram av saksframstillinga. Kontrollutvalet vedtok at undersøkinga blir gjennomført innanfor einingane Stella Maris, Hellandtunet og Heimetenester. Undersøkinga vart bestilt gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) innanfor ei ramme på 100 timar. Prosjektplan for undersøkinga vart levert frå MRR til kontrollutvalets møte 02.05.23. Rapport frå undersøkinga blir levert frå MRR til kontrollutvalets møte 01.09.23. Kontrollutvalet rår til at det nye Kontrollutvalet i neste valperiode gjennomfører ei ny undersøking knytt til avvik og avvikshandtering på bakgrunn av at Kommunedirektøren melder at ein har sett i gang tiltak på området.

Når det gjaldt bestilling av undersøking av eigarskapsforvaltning, var bakgrunnen for saka **Plan for eigarskapskontroll 2020-2023** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.8.2020, sak 28/20 og vedteke av Vestnes kommunestyre 17.09.2020, sak 77/20. Plana seier følgjande: Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll i kommunen sine selskap i form av utsending av eit kartleggingsskjema. Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om det skal gjennomførast eigarskapskontroll på bakgrunn av funn i kartlegginga. Kontrollutvalgssekretariatet gjennomførte kartlegginga etter møtet 21.03.22. I møtet 05.12.22 sak 32/22, vart resultatet frå kartlegginga presentert.

Kontrollutvalgssekretariatet har gjennomført ei kartlegging på i alt 14 selskap kommunen er eigar i, og på 21 ulike tema. I kontrollutvalets vedak frå 05.12.22 står det: Kontrollutvalet vil seinare vurdere om det på bakgrunn av resultatane frå undersøkinga på eigarskapsforvaltning skal gjennomførast ein eigarskapskontroll i 2023. Kontrollutvalgssekretariatet vurderer på bakgrunn av funna i kartlegginga som var gjennomført i 2022, at det kan vere formålstenleg å gjennomføre ei grundigare undersøking av eigarskapsforvaltninga framfor å gjennomføre eigarskapskontroll i eitt selskap. Ein bør då sjå på eit utval av dei mest sentrale selskapa kommunen er medeigar i og som leverer tenester til kommunen. Ein ser då føre seg følgjande selskap: Vestnes Energi AS, Tremek AS, Astero AS, Bingsa Gjevning AS, Sunnmøre Regionråd IKS, IKA Møre og Romsdal IKS, Krisesenteret for Molde og Omegn IKS og Molde og Romsdal Hamn IKS. Kontrollutvalet fatta på bakgrunn av dette følgjande vedtak i møte 14.03.23 sak 10/23:

Kontrollutvalet i Vestnes bestiller ei undersøking på temaet eigarskapsforvaltning og med dei 9 problemstillingane som går fram av saksframstillinga. Undersøkinga blir gjennomført innanfor dei 8 selskapa som er lista opp i saksframstillinga. Undersøkinga blir bestilt gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) innanfor ei ramme på 100 timar. Prosjektplan for undersøkinga blir levert

frå MRR til kontrollutvalets møte 02.05.23. Rapport frå undersøkinga blir levert frå MRR til kontrollutvalets møte 28.08.23. Prosjektplana vart handsama av kontrollutvalet i møte 02.05.2023.

6. Eigarskapskontroll

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav d), skal kontrollutvalet påsjå at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunens eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll). Etter § 23-4, er eigarskapskontroll å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens eigarskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll. Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatata av dei.

Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Etter kommunelova § 26-1, skal kommunar minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Etter kommunelova § 23-6, 4.ledd, skal kontrollutvalet varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stades i desse møta.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeidd eigarskapsmelding. Dette er retningslinjer for forvaltning av kommunens interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap. Ny eigarskapsmelding for Vestnes kommune vart vedteke av kommunestyret i møte 07.10.2021 i sak 91/21. Eit slikt dokument bør jamleg reviderast, noko som ikkje er gjennomført i Vestnes kommune. Sist eigarskapsmelding var frå 2010. I ny kommunelov frå 2020 er det eit krav at kommunar minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Eigarskapsmelding er eit viktig styringsverktøy for kommunen og kommunen sine representantar i selskapa. Det er også et viktig reiskap i kontrollutvalet sitt arbeid.

Det er utarbeidd Plan for selskapskontroll 2020-2023 som vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.8.2020 sak 28/20, og endeleg vedteke av Vestnes kommunestyre 17.09.2020 sak 77/20. Plana seier følgjande: Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll i kommunen sine selskap i form av utsending av eit kartleggingsskjema. Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om det skal gjennomførast eigarskapskontroll, på bakgrunn av funn i kartlegginga. Dersom kommunestyret ikkje får framlagt årsmeldingar og rekneskap for selskap kommunen har eigarskap i, så skal administrasjonssjefen sikre at desse vert lagt tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Kontrollutvalet har ikkje bestilt eller gjennomført eigarskapskontrollar i valperioden sidan ny eigarskapsmelding først vart vedteken i 2021. Men Kontrollutvalet har bestilt ei undersøking av eigarskapsforvaltninga, omtalt under punkt 5.2 ovanfor.

7. Påsjå-ansvar overfor revisjon

Etter kommunelova § 23-2, skal kontrollutvalet påsjå at

a) kommunens rekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, skal kontrollutvalet halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at

a) kommunens årsrekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

b) rekneskapsrevisjonen vert utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalets instruksar og avtalar med revisor.

c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Med bakgrunn i å være folkevalte lekfolk, utan nokon revisjonsfaglig bakgrunn, kan det opplevast som utfordrande å ha ansvar for at kommunen har ei god revisjonsordning.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så gir kontrollutvalsforskrifta meir innhald til kva som ligg i omgrepet forsvarleg revisjonsordning:

«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter [kommuneloven § 24-7](#) til [§ 24-9](#) blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon, kapittel 3

For forvaltningsrevisjon og eigarskapstroll seier ikkje kontrollutvalsforskrifta noko bestemt om kva for slags kvalitetskrav som skal leggjast til grunn for arbeidet. Forskrift om revisjon peiker likevel på revisors krav til uavhengigheit og dokumentasjon av arbeidet.

Vurderinga av rekneskapsrevisor og påsjå-rolla vert utøvd i samband med, og som del av arbeidet med vurderinga og fråsegna frå Kontrollutvalet til årsrekneskap og årsberetning frå kommunen kvart år.

Når det gjeld påsjå-rolla overfor Forvaltningsrevisor, blir dette utøvd når ein etter får prosjektplan og rapport frå eit forvaltningsrevisjonsprosjekt til handsaming.

8. Erfaringar frå arbeidet i denne valperioden

8.1 Forholdet til politisk leiing

Kontrollutvalet utfører kontrollfunksjonen på vegne kommunestyret, som har det overordna ansvaret for eigenkontrollen i kommunen i tråd med kommunelova.

Utvalet har gjennom heile perioden vore oppteken av å ha god dialog med den politiske leiinga og oppdatert kjennskap til kva som til ei kvar tid er kommunestyret sine behov. Ordførar har også vore tilstades i fleire av møta til kontrollutvalet.

Saker frå kontrollutvalet vert løpande lagt fram for kommunestyret, anten det er rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar, årsmeldingar eller planar for eigarskapstroll og forvaltningsrevisjon.

8.2 Forholdet til administrativ leiing

Kontrollutvalet opplever å ha gode relasjonar til administrativ leiing og stor nytte av positiv dialog og generelle forhold i kommunen og i samband med konkrete prosjekt og oppgåver. Administrasjonen gir informasjon og deltek i møter når kontrollutvalet ber om det og gir uttrykk for å ha forståing for kontrollutvalet si rolle og arbeid.

Utvalet har lagt vekt på å lytte til signal frå administrasjonen blant anna ved å ha samtalar og orienteringar i møta for på den måten å halde seg ajour med den omfattande verksemda i kommunen. På den måten har det framkome viktig kunnskap frå dei som kjenner organisasjonen best og ein har hatt høve til å avstemme oppfatningar rundt utfordringar og risiko i organisasjonen.

Denne informasjonen har vore nyttig i kontrollutvalet si utveljing av prosjekt, når dei har lagt vekt på å gjere prioriteringar ut frå mest moglege tilgjengeleg informasjon.

Når det gjelder kommunikasjonen i samband med dei enkelte prosjekta eller sjølv revisjonsarbeidet elles, er det revisorane sitt ansvarsområde og ikkje noko kontrollutvalet involverer seg i. Kontrollutvalet har ansvar for oppfølginga av kommunestyret sine vedtak i kontrollsaker. I dei tilfella der vedtaka set krav til administrasjonen si oppfølging, vert i stor grad fristar for oppfølging og rapportering overhaldt. Administrasjonen synes å ha lojalitet til vedtaka. Vedtaksoppfølginga er i hovudsak god og administrasjonen si etterleving av kontrollsakene er i stor grad tilfredsstillande.

8.3 Val av revisjonsordning. Val av revisor

Kommunelova § 24-1. Val av revisor. Kommunestyret avgjer sjølv om kommunen skal tilsette egne revisorar, delta i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med ein annan revisor. Kommunestyret vel sjølv revisor. Vedtak vert treft etter innstilling frå kontrollutvalet.

Sommaren 2018 tok KomRev3 IKS på Sunnmøre kontakt med Møre og Romsdal Revisjon IKS for å diskutere om det var mogleg å få til ei samanslåing av selskapa. Møre og Romsdal Revisjon IKS var på det tidspunktet Vestnes kommune sin revisor.

Ved årsskiftet 2018/2019 vedtok representantskapa i dei to selskapa å slutte seg til konklusjonar og innstilling om å etablere eit samvirkeforetak; Møre og Romsdal SA. Det vart sendt ei tilråding til eigarkommunar/fellesnemnder om å stifte selskapet. Når ein kommune har gjort val av revisjonsordning, så vert det vanlegvis ikkje gjort ei ny vurdering av dette utan at det blir tatt initiativ til det. Sjølv om det ikkje var tatt noko initiativ til å vurdere ei anna revisjonsordning, så vurderte sekretariatet at det var naturleg at kontrollutvalet og kommunestyret fekk ei beskriving av dei ulike alternativa som var å velje i. Det var eit naturleg krysspunkt å gjere ei slik vurdering, når det var tatt initiativ til å etablere eit nytt revisjonsselskap.

Kommunestyret i Vestnes valde i møte 23.05.2019 sak 40/19, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) og valde samvirkeforetaket som revisor for kommunen etter innstilling frå kontrollutvalet. I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon SA. Kontrollutvalet i Vestnes godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 23.11.2020 sak 39/20. I avtalen vert det m.a. føresett at revisjonen legg til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt påsjå-ansvar overfor revisjonen. I dette ligger det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar.

9. Oppsummering

Med bakgrunn i mandat og det arbeidet som kontrollutvalet har gjort for Vestnes kommune i valperioden 2019-2023, er utvalet sine medlemmer av den oppfatning at kontrollutvalet har ei viktig rolle i ein lærande organisasjon i stadig utvikling.

Kontrollutvalet har i valperioden hatt viktige og spanande oppgåver der ein har belyst mange av kommunen sine tenesteområder. Utvalet opplever stort sett at det er god forståing for kontrollorganet si rolle og funksjon i kommunen, noko som er avgjerande for at utvalet skal kunne gjere ein god jobb. Kontrollutvalet har i valperioden fått laga nødvendige plandokument og har i stor grad effektuert det som planene sa skulle gjerast.

Målet om å vere uavhengig i sitt arbeid meiner kontrollutvalet at dei har ivaretatt. I utvalet sine møter er det kontrollperspektivet som styrer diskusjon og vedtak, mens partipolitiske omsyn vert lagt til side. Sakene som er handsama i utvalet ber ikkje preg av å vere politiske omkampar eller ha

partipolitiske agendaer. Utvalet har vore bevisst på problemstillingar knytt til sjølvstende og satt dette høgt i sitt arbeid.

Avslutningsvis vil kontrollutvalet takke kommunestyret og administrasjonen i Vestnes kommune for eit godt samarbeid i valperioden, som har bidrege til konstruktivt samarbeid og gode resultat.

Kontrollutvalet vil med dette ønskje det påtroppande kontrollutvalet lykke til i den neste valperioden der nye interessante og krevjande oppgåver venter.

Vestnes, 1. september 2023

Kontrollutvalet i Vestnes kommune

Kristian Blindheim
Leiar

Paul Hjelvik
Nestleiar

Torfinn Marken
Medlem

Margrethe Anundsen
Medlem

Marianne Frøland
Medlem